
Fra: Katrine Bjordal Midttun
Sendt: fredag 12. april 2019 14:58
Til: 'karsten.andersen72@gmail.com'
Emne: Ang. gbnr. 45/142

Kategorier: Arkivert i Websak

Hei igjen

Ang. etablering av bod på gbnr. 45/142.

Då har eg fått dei avklaringane eg trong for å gje deg ein tilbakemelding.

Du må senda inn nye teikningar av korleis boden vil sjå ut med ein storleik på 15 kvm (BRA).

Bygningsstyresmakta har sett på innsendte teikningar og syner det er mykje og store vindauge i ein liten bod.

Det følgjer av pbl. § 29-2 at «innehar gode visuelle kvaliteter både i seg selv og i forhold til dets funksjon og dets bygde og naturlige omgivelser og plassering».

Kommunen finn at ein tradisjonell liten bod på 15 kvm inneheldt minimalt med vindauge. Bygningsstyremakta oppmoder at dei nye teikningane viser ein bod med mindre vindaugsflate.

Det må og sendast inn oppdatert situasjonsplan, som viser målsatt bod og avstandar til naboar og andre eigedomsgrenser.

Ynskjer deg ein framleis fin dag og god påske.

Mvh

Katrine B.Midttun
Jurist byggjesak

Radøy kommune

Radøyvegen 1690, 5936 Manger

E-post: katrine.bjordal.midttun@radoy.kommune.no

